

Notat

Dato: 05.03.2019
Arkivsak: 2016/2550-44
Saksbehandlar: inggase

Til: Utval for kultur, idrett og regional utvikling

Frå: Fylkesrådmannen

Dei konsoliderte musea i Hordaland - kommunale tilskot 2017 - 2018 og 2019

Dette er ein del av oppfølginga av saksframlegg som mellom anna omhandla fordeling av offentlege tilskot til dei konsoliderte musea i Hordaland, PS 105/2018, handsama i Fylkesutvalet 03.05.2018, og oppfølging av vedtakspunkt:

«Fylkesutvalet ber om at administrasjonen, i samarbeid med museumsleiarane, utarbeide statistikk/tal som grunnlag for vidare dialog med kommunane/regionråda om utvikling av kommunale museumsstrategiar.»

Notatet viser fordeling av kommunale tilskot til dei konsoliderte musea i Hordaland i 2017, 2018 og 2019. Fylkesrådmannen si vurdering er at auka tilskot frå kommunar og fylke har utvikla museumsfeltet på ein god måte, men viser til at det er store skilnader i høve til kva dei ulike kommunane bidrar med i offentlege tilskot til musea. Fylkesrådmannen vil difor arbeide for å få aktivisert kommunane som avgjerdstakarar i høve musea og samt å få synleggjort kva musea bidrar med som samfunnsaktørar. Administrasjonen vil ha fokus på dette i samband med etablering av ny kulturstatistikk for Vestland fylkeskommune. I budsjettproposisjonen for 2018 under kap. 328 post 70 Det nasjonale museumsnettverket står det at: «Fylkeskommunene, vertskommuner og kommuner som nyter godt av museenes kompetanse, formidling og andre tjenester, har et delansvar for finansiering av museene. Forutsetningen vil normalt være at regionen skal dekke minst 40 pst. av det samlede offentlige drifttilskuddet». Det er difor og lagt ved ein tabell som viser fordeling av offentlege tilskot frå 2016 og 2017

Kommunane i Sunnhordland arbeider no med ein felles opptrappingsplan for tilskot til Sunnhordland museum. Vedtak for 2019 er difor sett på vent i dei fleste kommunane. Kommunane i Sunnhordland gjev elles tilskot til museumsrådgjevarstilling på kr. 175 117 som Hordaland fylkeskommune årleg delfinansierer med kring kr. 300 000. Den kommunale fordelinga av tilskot til museumsrådgjevarstillinga er: Austevoll kr. 0, Bømlo kr. 37 500, Etne kr. 0, Fitjar kr. 14 000, Kvinnherad kr. 25 000, Stord kr. 90 000, Sveio kr. 0, Tysnes kr. 8614.

Kommunale tilskot spesifisert for 2017, 2018 og 2019

Museum	Kommunar	Merknader	Drifttilskot 2017 kr.	Drifttilskot 2018 kr.	Drifttilskot 2019 kr.
Baroniet	Kvinnherad	Baroniet fekk og kommunal kulturstøtte på kr. 35.000 i 2017 og kr. 45.000 i 2018	600 000	600 000	1 100 000
Bymuseet	Bergen	I 2017 fekk Bymuseet i tillegg kr. 6 400 000 til fleire prosjekt og tiltak. I 2018 fekk Bymuseet fast ekstraløyving til drift, samt eit akutt eingongstilskot til drift. I 2018 fekk Bymuseet i tillegg kr. 6 630 200 til fleire prosjekt og tiltak. I 2019 har Bymuseet fått kr. 6 365 478 til fleire prosjekt og tiltak.	9 074 500	11 470 400	10 980 375
Hardanger og Voss museum (HVM)	Kvam Ullensvang Eidfjord Granvin Voss Jondal Ulvik	HVM har ikkje budsjettert med auke i driftstilskot frå kommunane i 2019 som fylgje av erfaring frå tidlegare år. Årsaka til endringa frå Jondal kommune i 2019 er at HVM har fusjonert med stiftinga Herand Aktiesagbrug frå 1.1.2019 og fått lovnad om at driftstilskotet skulle fylgje med til ny driftar HVM.	1 923 000 Kvam: 1 347 000 Ullensvang: 351 000 Eidfjord: 9 000 Granvin: 9 000 Voss: 184 000 Jondal: 11 000 Ulvik: 11 000	1 973 000 Kvam: 1 385 000 Ullensvang: 360 000 Eidfjord: 9 000 Granvin: 9 000 Voss: 187 000 Jondal: 11 000 Ulvik: 11 000	2 023 000 Kvam: 1 384 000 Ullensvang: 360 000 Eidfjord: 9 000 Granvin: 9 000 Voss: 188 000 Jondal: 61 000 Ulvik: 11 000

KODE kunstmuseer og komponisthjem	Bergen Os	Tilskot frå 2017 inkluderer kr 700 000 til Stenersenbygget. I tillegg fekk i 2017 kr. 1 759 000 til rehabilitering. I tilskot for 2018 inkluderer beløpet kr. 714 000 til Stenersenbygget. I tillegg fekk KODE 7 100 000 til to tiltak i 2018.	53 044 600 Bergen: 53 044 600 Os: 0	54 203 200 Bergen: 54 203 200 Os: 0	55 398 372 Bergen: 55 398 372 Os: 0
Museum Vest	Askøy Bergen Fjell Masfjorden Sund Øygarden	Bergen: I 2017 fekk MV i tillegg kr. 1 305 000 til ulike prosjekt. I 2018 inkluderer tilskotet frå Bergen 1 000 000 til konsolideringa med Bergens Sjøfartsmuseum. I tillegg fekk MV 449 000 frå Bergen kommune til ulike prosjekt. I 2019 inkluderer tilskotet 2 022 650 frå Bergen til konsolideringa og fast løyving til MuseumsLosen. I tillegg har MV fått 140 000 til prosjekt frå Bergen.	14 865 000 Askøy: 1 050 000 Bergen: 10 187 000 Fjell: 800 000 Masfjorden: 400 000 Sund: 100 000 Øygarden: 2 328 000	20 951 100 Askøy: 1 100 000 Bergen: 15 909 100 Fjell: 800 000 Masfjorden: 400 000 Sund: 350 000 Øygarden: 2 392 000	22 747 440 Askøy: 1 100 000 Bergen: 17 369 440 Fjell: 1 100 000 Masfjorden: 400 000 Sund: 350 000 Øygarden: 2 428 000
Bergens Sjøfartsmuseum	Bergen	I 2018 fekk BSj i tillegg kr. 21 000 i prosjekttilskot.	1 626 400	1 664 200	1 701 894
Museumssentere t i Hordaland (MuHo)	Austrheim Bergen Fedje Lindås Masfjorden Meland	I 2017 fekk MuHo i tillegg 70 000 til ulike prosjekt frå Bergen kommune. Tilskot frå Bergen kommune i 2019 inkluderer kr. 200.000 til styrka	2 490 963 Austrheim: 26 765 Bergen: 1 696 800 Fedje: 21 228 Lindås: 93 421 Masfjorden:	2 547 991 Austrheim: 27 568 Bergen: 1 733 300 Fedje: 21 864 Lindås: 96 224 Masfjorden:	2 783 776 Austrheim: 28 395 Bergen: 1 971 299 Fedje: 22 520 Lindås: 99 111 Masfjorden:

	Modalen Osterøy Radøy	formidling. Alle kommunane i Nordhordland unntatt Bergen og Osterøy, gjeld tilskotet drift av kulturverntenesta i Nordhordland. Osterøy kommune bidrar med midlar til avdelingane Osterøy museum og Havrátunet. Radøy kommune gjev i tillegg 400.000 til drift av Vestnorsk utvandringssenter.	35 960 Meland: 49 149 Modalen: 17 250 Osterøy: 109 046 Radøy: 441 340	37 039 Meland: 50 624 Modalen: 17 768 Osterøy: 108 524 Radøy: 442 580	38 150 Meland: 52143 Modalen: 18 301 Osterøy: 110 000 Radøy: 443 857
Kraftmuseet - Norsk Vasskraft og industristadmuseum	Odda	Det vart for budsjett 2019 gjort politisk vedtak om å løfta tilskot opp på same nivå som Hordaland fylkeskommune + 90 000	1 256 000	1 256 000	1 346 000
Sunnhordland museum	Austevoll Bømlo Etne Fitjar Kvinnherad Stord Sveio Tysnes	Dei kommunale tilskota har stått stille over lang tid. Stord løyvde kr. 43.000 i ekstraordinære midlar i 2018. Stord kommune har løyvd samla kr 100 000 til Sunnhordland museum for 2019. Det gjer 10 000 i driftstilskot, då kr. 90.000 går til museumsrådgjeva rstillinga.	129 684 Austevoll: 0 Bømlo: 18 500 Etne: 38 184 Fitjar: 3 000 Kvinnherad: 50 000 Stord: 90 000 Sveio: 15 000 Tysnes: 5000	129 684 Austevoll: 0 Bømlo: 18 500 Etne: 38 184 Fitjar: 3 000 Kvinnherad: 50 000 Stord: 90 000 Sveio: 15 000 Tysnes: 5000	139 684* Austevoll: 0 Bømlo: 18 500 Etne: 38 184 Fitjar: 3 000 Kvinnherad: 50 000 Stord: 100 000 Sveio: 15 000 Tysnes: 5000
Nynorsk kultursentrum/OI av H. Hauge-senteret	Ulvik	Olav H. Hauge-senteret fekk i tillegg tilskot på kr. 551 000 til poesifestivalen i 2018.	1 075 000	1 100 000	1 100 000